



STIFTELSEN MELAND GOLF & NATURPARK  
Leirvik gard  
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Gøsta Hagenlund, 5764 3121

## Avgjerd i klage på vedtak om tiltak i forureina grunn og endra vedtak om løyve til opprydding i forureina grunn

**HOFFMANN THINN Advokatfirma AS har på vegne av Hui Gruppen AS klaga på Alver kommune sitt vedtak om godkjenning av tiltaksplan for opprydding på forureina grunn. Statsforvaltaren opphevar kommunen sitt vedtak og gjer nytt vedtak i saka som førsteinstans.**

Vi viser til brev frå HOFFMANN THINN Advokatfirma AS som på vegne av Hui Gruppen AS klager over Alver kommune sitt vedtak av 4.9.2021. Dokument i saka vart sendt til Statsforvaltaren den 11.10.2022. Statsforvaltaren har vurdert saka og sendt framlegg til vedtak til partane den 23.1.2023. Vi har motteke to merknader til framlegget.

Etter at vedtaket vart sendt har Øystein Varden på vegner av Stiftelsen Meland Golf og Naturpark oppmoda om noko lenger frist for gjennomføring og rapportering av oppryddinga. Statsforvaltaren har forståing for at tiltaket kan krevje noko meir tid enn i vår vurdering 1.3.2023. Årstalet i vedtaket har heller ikkje vore på høyring til partane. Vi endrar difor punkt 5 og 6 i vilkåra til løyvet.

### Bakgrunn for saka

Tiltaksområdet gjeld gbnr. 304/25 og 304/1 i Alver kommune. Området har vore nytta som massetak, og sidan 2005 som deponi/lager for jordmassar tenkt brukt på golfanlegget i nærleiken. Delar av tilkøyrde massar har vist seg å vere forureina over normverdiar (jf. vedlegg 1 til kap. 2 i forureiningsforskrifta og rettleiar TA 2553/2009 frå Miljødirektoratet). Det er også påvist avfall i massane. Statsforvaltaren registrerte arealet i 2021 som forureina grunn lokalitet "17782 Stiftelsen Meland golf & naturpark" i fagsystemet Grunnforurensning.

Partane i saka ønskjer no å rydde dei forureina massane. Tiltakshavar er Stiftelsen Meland Golf og Naturpark og har søkt om løyve til å rydde. Alver kommune har meint at søknaden kunne handterast etter reglane i kap. 2 i forureiningsforskrifta, og har godkjent tiltaksplan med heimel i § 2-8.



## Kort om opphavleg innhald i klage

Klage på kommunen sitt vedtak vart sendt 24.9.2021 og utfyllande innhald i klage vart sendt den 27.10.2021. Klagar meiner at manglande varsel til heimelshavar er saksbehandlingsfeil som kan ha verknad for vedtaket. Klagar meiner vidare at tiltaksplanen er mangelfull.

## Merknad frå tiltakshavar

På vegner av Stiftelsen Meland Golf og Naturpark har advokatfirma Simonsen Vogt Wiig kommentert klagen den 3.12.2021. Dei meiner tal prøvar er tilstrekkelege. Tiltakshavar er samd i at all forureina masse skal fjernast frå området – og at behov for eventuelt nye analyser må vurderast i samband med ryddearbeidet. Det er også kommentert bruk av arealet for reine massar – som ikkje er del av denne klagesaka.

## Utfyllande klage og Statsforvaltaren sine vurderingar

Utfyllande klage vart sendt til kommunen 27.10.2021. Vi kommenterer innhaldet her kort, og tek med kommentarane i den vidare saksbehandlinga i dette skrivet.

### 1. Manglande varsel til grunneigar

Mangelen er retta og partane er no gjort kjend med saka.

### 2. Manglande analysar av innhald

Norconsult sin innleiande miljøtekniske gransking vurderer at tal prøver er noko færre enn rettleiar TA-2553/09 tilrår. Det er likevel tiltaksplan frå Rambøll frå 9.6.2021 som er lagt til grunn for gjennomføring av tiltaket. Tiltaksplanen slår fast at all forureina masse skal fjernast frå området.

### 3. Tiltaksplanen er ikkje tilstrekkeleg klart mht. omfang

Vi er samd med klagar om at all forureina masse skal fjernast og at ordet "bør" når det gjeld massar i tilstandsklasse 2 er noko vagt formulert. På denne staden bør opprydding skje for all masse som innehald forureining over normverdi (jf. vedlegg 1 til kap. 2 i forureiningsforskrifta og TA-2553/09). Massane er disponert her i strid med forureiningslova og har skjedd i nyare tid. Dei helsemessige krava som ligg til grunn for vanlege akseptkriteriar etter TA-2552/09 må difor supplerast med miljø- og spreingskriteria, som tilseier opprydding til massar under normverdi.

### 4 Handtering av reine massar

Disponering av reine massar er ikkje del av denne saksbehandlinga. Kommunen har vedtakskompetanse for arealbruk og bruk av reine massar etter plan- og bygningslova.

## Kommunen sine vurderingar

Kommunen er samd i at heimelshavar ikkje vart varsla, men meinte det ikkje er eit krav i saksbehandling etter kapittel 2 i forureiningsforskrifta. Kommunen meiner godkjenning av tiltaksplan ikkje er eit løyve etter plan- og bygningslova, men berre ei godkjenning av ei foreslått løysing.

Utføringa er vidare godkjent etter plan- og bygningslova og dette vedtaket er ikkje klaga på.

Kommunen meiner at tiltaksplanen ser ut å vere tilstrekkeleg for å kunne vurdere omfanget av forureininga. Dei viser likevel til at eventuell oppdaging av nye forhold under oppryddinga kan medføre behov for ny vurdering.



## Lovgrunnlaget

Forureiningslova sitt utgangspunkt er at forhold som kan føre til forureining ikkje er tillate med mindre lova opnar for eller gir særskild unntak. Utgangspunktet er vidare at den som har, gjer eller set i verk noko som kan forureine, har plikt å gjere tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureininga. Opprydding, graving m.m. som kan føre til forureining (mellom anna sjølve gravearbeidet, lagring eller disponering av forureina masse og avfall) må ha løyve frå rett forureiningsstyresmakt for å sikre at det ytre miljøet vert tilstrekkeleg teke vare på.

Kommunen er styresmakt etter kapittel 2 i forureiningsforskrifta når det gjeld å avgjere søknader om terrenginngrep i forureina grunn (t.d. med føremål graving av grøft, setje ned stolpe, byggegrop). Kommunen er ikkje styresmakt når føremålet er opprydding eller sikring av utslepp frå forureina grunn. I dei opphavlege kommentarane til § 2-2 går det fram: "... Bestemmelsene omfatter altså ikke oppryddingstiltak i forurenset grunn som skjer uavhengig av planlagt bygging og graving, ...". I slike saker må staten ved Miljødirektoratet eller Statsforvaltaren avgjere søknader eller gje pålegg om tiltak.

### Saksbehandlingsreglar for vedtak etter kap. 2 i forureiningsforskrifta

Når kommunen gjer vedtak etter forureiningsregelverket, må dei følgje saksbehandlingsreglane i forvaltningslova, jf. forureiningslova § 85 og rundskriv T-5/98 punkt 4. Godkjenning av tiltaksplan etter § 2-8 i forureiningsforskrifta er eit enkeltvedtak og sakshandsamingsreglane i forvaltningslova kapittel IV-VI, medrekna krav om varsel, gjeld i slike saker.

I saker som gjeld søknad frå tiltakshavar til kommunen om terrenginngrep (utanom opprydding /sikring/overvaking) skal kommunen vurdere om innsendt tiltaksplan kan godkjennast. Behandling av tiltaksplan skal så langt det er mogleg samordnast med behandlinga av saka etter plan- og bygningslova om det er relevant. Godkjenning fører til at tiltaket er lovleg etter forureiningslova § 7, og er eit enkeltvedtak med rettsverknad som vedtak etter § 11. Kommunen kan stille tilleggskrav til innsendt tiltaksplan og kompetansekrav til dei som utarbeider plan og gjennomfører tiltak.

### Klageinstansen sin rettslege kompetanse

Statsforvaltaren skal som klageinstans sjå til at kommunen har følgd dei lovene, forskriftene og saksbehandlingsreglane som gjeld på området. Statsforvaltaren kan under behandlinga prøve alle sider av kommunen sitt vedtak, også dei skjønsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. forvaltningslova § 34. Statsforvaltaren kan gjere nytt vedtak eller oppheve vedtaket og sende tilbake til ny heil eller delvis ny behandling.

## Avgjerd i klagesaka

Klagen er sendt inn til rett tid og klagar er part i saka og har klagerett, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova.

Klagesaka gjeld opprydding i forureina grunn der føremålet er å fjerne forureining. Saka gjeld ikkje terrenginngrep som er omfatta av kapittel 2 i forureiningsforskrifta, jf. § 2-2. Kommunen sitt vedtak er etter dette ikkje gyldig. Søknad om tiltak må rettast til Statsforvaltaren.

Klagesaka gjeld ikkje vedtak i dette området etter plan- og bygningslova. Vedtaket i kommunen sin sak 22/2367 av 18.8.22 er ikkje klaga på.



## Vidare saksbehandling

Vi oppfattar at det er semje mellom partane (grunneigar og tiltakshavar) at dei forureina massane skal fjernast. Det ligg føre søknad om opprydding med grunnlag i tiltaksplan. Partane er varsla før saka vart sendt til Statsforvaltaren og gjort kjend med alle sider av saka. Saka er difor etter vårt syn godt nok opplyst til at Statsforvaltaren kan gjere vedtak som førsteinstans.

### Førehandsvarsling

Statsforvaltaren har sendt framlegg til avgjerd og nytt vedtak til partane i saka og til kommunen den 23.1.2023. Vi har motteke to uttaler.

HOFFMANN THINN advokatfirma AS på vegne av Hui Gruppen AS ser positivt på Statsforvaltaren sitt framlegg til avgjerd og nytt vedtak (sending hit 8.2.2023). Dei viser til at det kan vere at lausmassar som er lagt under haug med sprengstein ikkje har vorte granska som del av tiltaksplan. Dei meiner det difor bør presiserast i nytt vedtak at desse massane må granskast og eventuelt fjernast dersom det vert påvist nivå på forureining over normverdiar.

Alver kommune har den 16.2.2023 meldt at dei ikkje har kommentarar til framlegg til avgjerd i saka.

### Vurdering av uttale

Statsforvaltaren oppfattar at det er semje om opprydding av forureina masse i dette området. Uttalen frå HOFFMANN THINN advokatfirma AS er viktig for å presisere målet og vi ber tiltakshavar merke seg at all forureina masse må handterast. Vi meiner omsynet er tilstrekkeleg omtalt i vilkåra, sjå nærare punkt 2 b (føreset at firma som gjennomfører opprydding har oversikt over all forureina masse i området) og 2 e (føreset at massar som vert avdekt under oppryddinga vert vurdert av representant for miljøfagleg firma – og fjerna dersom forureina).

## Vedtak

Med heimel i § 11, jf. § 16 i forureiningslova gir Statsforvaltaren løyve til opprydding i forureina grunn til Stiftelsen Meland Golf og Naturpark. Oppryddinga gjeld tiltaksområdet som avgrensa i figur 2 i tiltaksplan frå Rambøll «*M-rap-001-1350047035 tiltaksplan for mellomlagrede masser 2021*».

### Vilkår for løyvet

1. Tiltakshavar (ansvarleg for opprydding): Stiftelsen Meland Golf og Naturpark (org. nummer 977 555 084).
2. Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med tiltaksplan frå Rambøll av 9.6.2021, med følgjande tillegg/presiseringar
  - a. Gjennomføring av tiltaket skal ikkje føre til uakseptabel spreining av forureining frå massane i anleggstida eller etter avslutta tiltak.
  - b. Forureina masse (masse med forureining over normverdi (jf. vedlegg 1 til kap. 2 i forureiningsforskrifta) skal leverast til godkjent avfallsanlegg (som har løyve etter forureiningslova).
  - c. Forureina masse skal ikkje blandast med reine massar (massar med innhald under normverdi).
  - d. Forureina masse med ulik tilstandsklasse skal ikkje blandast dersom det vanskeleggjer vidare behandling på godkjent anlegg.
  - e. Miljøfagleg representant for forureina grunn kompetent firma skal vere til stades ved oppgraving. Representanten må kunne avgjere kva for massar som er forureina.
3. Lagring av forureina masse utanom tiltaksområdet er ikkje tillate utan etter søknad til og eventuell særskild godkjenning frå Statsforvaltaren.



4. Eventuelt avfall skal fråsorterast på staden så langt det er praktisk mogleg og leverast til godkjent avfallsmottak.
5. Opprydding skal gjerast ferdig i 2025.
6. Tiltakshavar skal sende sluttrapport til Statsforvaltaren og Alver kommune om gjennomføring av tiltaket innan 31.12.2025. All disponering av forureina masse frå tiltaksområdet skal dokumenterast.

#### Endring i brev av 16.3.2023

- Punkt 5 endra årstal til 2025
- Punkt 6 endra rapporteringsfrist til 31.12.2025

#### **Klagerett**

Avgjerda om oppheving av kommunen sitt vedtak etter § 2-8 i forureiningsforskrifta er endeleg og kan ikkje klagast vidare.

Partane og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på løyvet eller vilkår til løyvet om opprydding. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal adresserast til Miljødirektoratet og sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Gøsta Hagenlund  
sjefingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

RAMBØLL NORGE AS AVD OSLO, att: Beate Nilland  
ADVOKATFIRMAET SIMONSEN VOGT WIIG AS AVD  
BERGEN  
HOFFMANN THINN ADVOKATFIRMA AS  
ALVER KOMMUNE

Postboks 427 Skøyen 0213 OSLO  
Postboks 1213 5811 BERGEN  
Sentrum  
Strandgaten 10 5013 BERGEN  
Postboks 4 5906 FREKHAUG